



Brønnøysundregistrene

Brønnøysundregistrene

Postadresse: 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05

E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no

Organisasjonsnummer: 974 760 673



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Leigeinntekter		12 340	24 625
Mottekne gaver	3	63 124	0
Sum inntekter		75 464	24 625
Kostnader			
Avskrivning bygning	2	4 200	4 200
Andre driftskostnader	1	52 205	78 939
Sum kostnader		56 405	83 139
Driftsresultat		19 059	-58 514
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt			3
Sum finansinntekter			3
Netto finans			3
Ordinært resultat før skattekostnad		19 059	-58 511
Ordinært resultat etter skattekostnad		19 059	-58 511
Årsresultat		19 059	-58 511



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Helgatun egedom	2	190 000	190 000
Helgatun bygning	2	117 600	121 800
Sum varige driftsmiddel		307 600	311 800
Sum anleggsmiddel		307 600	311 800
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringar		7 690	
Sum krav		7 690	
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot		49 958	2 475
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		49 958	2 475
Sum omløpsmiddel		57 648	2 475
SUM EIGEDELAR		365 248	314 275
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital		3 000	3 000
Sum innskoten eigenkapital		3 000	3 000
Opptent eigenkapital			
Udekt tap		282 353	301 411



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Sum opptent egenkapital		-282 353	-301 411
Sum egenkapital		-279 353	-298 411
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
Avsett gåvefond	3	40 246	40 246
Langsiktig lån	3	603 211	556 941
Sum anna langsiktig gjeld		643 457	597 187
Sum langsiktig gjeld		643 457	597 187
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 144	15 949
Sum kortsiktig gjeld		1 144	15 949
Sum gjeld		644 601	613 136
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		365 248	314 725



Stiftelsen Helgatun 6100 Volda

Stiftelsen Helgatun

Årsmelding for år 2021

Stiftelsen Helgatun er lokalisert i Volda og er eigar og drivar av Ungdomssenteret Helgatun på Krøvelseidet i Volda.

	2021	2020
Omsetjing	75464	24625
Årsresultat	19058	-58511
Eigenkapital 31.12 Opptent	-282353	-301411

Stiftelsen Helgatun gjekk med eit overskot på 19056 kr i 2021 etter avskrivning på eigedomen og avskrivning av gamal gjeld. Grunna koronakrisa har dei fleste arrangement vorte avlyste i 2021. Det har ført til sviktande leigeinntekter, men også tilskot frå offentlege instansar.

Overskotet vil verte lagt til eigenkapitalen.

Helgatun har ein negativ eigenkapital, og vi må difor i tida som kjem halde fram arbeidet for å auke inntektene og redusere utgiftene. Forutsetningane for framleis drift er til stades.


Styret vurderer det slik at oversikta over gir eit rettvist bilete over utviklinga, resultatet og selskapet si stilling.


Selskapet hadde ingen tilsett pr. 31.12.2021. Selskapet har ikkje løna dagleg leiar, men vert leia av styret, som ikkje har motteke noko godtgjersle for arbeidet sitt. Også alt anna arbeid ved Helgatun har så langt vore gjort på dugnad.

Ved eventuelle tilsettingar vil eventuelle kandidatar verte vurderte ut frå den kompetansen vedkomande har, uavhengig av vedkomande sitt kjønn. Det same gjeld for folk til styret. Styret består i dag av to menn og ei kvinne.

Selskapet si verksemd har inga innverknad på det ytre miljøet.

Volda, den 21.06.2022


Gunnar Andås
(styreformann)


Ragnvald Andås

Postadresse: Nylenda 22 - 6104 Volda
Org. nr. 977 117 569



Stiftelsen Helgatun

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.2021

	Note	2021	2020
Leigeinntekter		12 340,00	24 625,00
Mottekne gaver	3	63 124,00	0,00
Sum driftsinntekter		75 464,00	24 625,00
Avsett til gavefond	3		
Andre driftskostnader	1	52 205,00	78 939,00
Avskrivning inventar (20 %)	2	0,00	0,00
Avskrivning bygning (2%)	2	4 200,00	4 200,00
Sum driftskostnader		56 405,00	83 139,00
Driftsresultat		19 059,00	-58 514,00
Renter av bankinnskot		0,00	3,00
Finanskostnader		0,00	0,00
Årsresultat		19 059,00	-58 511,00

BALANSE PR. 31.12.20

31.12.21 31.12.20

EIGEDELER

Anleggsmiddel

Helgatun eieendom	2	190 000,00	190 000,00
Helgatun bygning	2	117 600,00	121 800,00
Helgatun Inventar	2	0,00	0,00
Sum anleggsmiddel		307 600,00	311 800,00

Omløpsmiddel

Fordringer			
Kundefordringer		7 690,00	0,00
Andre fordringer		0,00	0,00
Sum kundefordringer		7 690,00	0,00

Bankinnskot		49 958,00	2 475,00
Sum omløpsmiddel		57 648,00	2 475,00
SUM EIGEDELER		365 248,00	314 275,00

EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital

Innskoten eigenkapital

Grunnkapital (stiftingskapital)		3 000,00	3 000,00
Sum innskoten eigenkapital		3 000,00	3 000,00

Opptjent eigenkapital

Eigenkapital		-282 353,00	-301 411,00
Sum opptjent eigenkapital		-282 353,00	-301 411,00
Sum eigenkapital		-279 353,00	-298 411,00

Gjeld

Avsett gavefond	3	40 246,00	40 246,00
Leverandørgjeld	3	1 144,00	15 949,00
Langsiktig lån	3	603 211,00	556 491,00
Sum gjeld		644 601,00	612 686,00
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		365 248,00	314 275,00

Volda den 31. desember 2021/ 21. juni 2022

Styret for Stiftelsen Helgatun



Stiftelsen Helgafun Notar til rekneskapen 2021

Note 0 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa skildrast nedanfor.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld
Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifiseret som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriteria lagt til grunn.

Anleggsmidlar vert vurdert til kostpris, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig. Langsiktig lån balanseførast til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar vert vurdert til lavaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre prinsipp og vert gjort greie for nedanfor.

Note 1 Lønnskostnad m.v.

Det er ingen tilsette i stiftinga. Alt arbeid i rekneskapsåret har vore utført på dugnad. Styreleiar og dagleg leiar arbeider også utan vederlag. Godtgjering til revisor utgjør kr 5625

Note 2	Varige driftsmiddel	
	Tomt	Bygg
Fast eigedom		
Kostpris 01.01.	190 000	210 000
Tilgang	0	0
Avgang	0	0
Kostpris 31.12.	190 000	210 000
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	0	92 400
Bokført verdi pr. 31.12.	190 000	117 600
Ordinær avskrivning i år	0	4 200
Økonomisk levetid	Evig	50 år
Avskrivningsplan	I/A	Lineær
Lausøyre	Varmpumpe	
Kostpris 01.01.	36 500	
Tilgang	0	
Avgang	0	
Kostpris 31.12.	36 500	
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	36 500	
Bokført verdi pr. 31.12.	0	
Ordinær avskrivning i år	0	
Økonomisk levetid	5 år	
Avskrivningsplan	Lineær	



Stiftelsen Helgatun Notar til rekneskåpen 2021

Note 3

Gjeld

Det vart i 2003 motteke kr 25 000 i gåver. Desse midlane vart avsett som ei forplikting i balansen under kortsiktig gjeld. Midlane skal nyttast til å byggje ei funkart-/ballbane. Pengane står enda delvis unytta og arbeidet som er utført På dette prosjektet er utgiftsført på drifta.

Like eins vart det motteke ei gåve på 20000 kr i 2005. Denne skal brukast til utbygging Av ballbane. Dette arbeidet er delvis gjennomført, men ikkje avslutta, og rekning for dette Arbeidet som er utført er utgiftsført på drifta.

Det er elles ei kortsiktig leverandørgjeld på kr 1.144

Stiftinga har ei privat langsiktig gjeld. Det er pr. dato fylgjande kreditorar:

	<u>2021</u>	<u>2020</u>
Arthur Andås efft, Engesetvegen 37	197 297	197 297
Solveig Andås, Engesetvegen 37	193 792	193 792
Gunnar Andås, Nylenda 22	212 122	165 401
Sum	603 211	556 490



hovden & vatne statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening
Autorisert rekneskapsførarselskap
Org.nr. 987 832 916 MVA
E-post: firmapost@h-v.no
www.h-v.no

Til styret i
Stiftelsen Helgatun

Melding frå uavhengig revisor

Side 1 av 2

Konklusjon

Vi har revidert Stiftelsen Helgatun sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 19.059. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standard Boards for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsregnskapen. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer ikkje ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den ytterlegare informasjonen og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapen, eller om ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

ØRSTA:	EID:	STRYN:
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf: 57 88 64 16	Tonningsgt. 42, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30



Styret og forretningsfører sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og forretningsfører (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare skildring av revisor sine oppgåver og plikter vert det vist til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles. Det er ikkje foretatt utdelingar i 2021.

Ørsta, 27.06.2022

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS

Geir A. Vatne

Statsautorisert revisor